

Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 1 · 2023
94. årgang



God påske!

Hølg og Høgtid

#1·2023

Redaksjon

917 23 967 | post@seljordkyrkje.no

Bankgiro: 2711.20.31826

VIPPS nr: 650484

Opningstider

Tys/ons/tor 09-13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemanna på grunn av oppdrag ute.

Kyrkjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest

907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Kyrkjeverje og

ungdomsprest

909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svartdal, Assisterande kyrkjeverje

917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no

Kjetil Bergheim, Kantor

918 41 306 | kjetil@seljordkyrkje.no

Ingunn Liseter, Diakon

976 82 694 | ingunn@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenarar

Ivar Øygarden

907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge

975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

Seljord sokneråd

Berit Lisleåsheim Telnes | 906 91 674

berit.telnes@seljord.kommune.no

Heimeside

www.seljordkyrkje.no

Kveitekornets lov – ein nykel til påskebodskapen

Er du ein av dei som slit med å forstå påskebodskapen? Jol er greitt seier mange, men påsken er noko meir vrien.

Jesus bruker det me gjerne kallar for kveitekornets lov når han skal seie kva påsken handlar om. Slik seier han det i Johannesevangeliets 12. kapittel, vers 24:

«Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Fell ikkje kveitekornet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde.»



«Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Fell ikkje kveitekornet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde.»

Desse orda seier Vår Herre straks etter at han hadde ridd inn i Jerusalem på palmesundagen.

Kveitekornet er som settepota. Han er full av liv når du set han i jorda. Etter ei tid kan du hauste fleire friske poteter, medan settepotten sjølv er daud og nyttelaus. Slik er det og med kveitekornet. Det har mykje liv i seg. Når det dør i jorda, fører dette til at det veks opp rik grøde.

I påska vart kveitekornets lov synleggjort på åndeleg vis. Jesu krossdød på langfredag blei påskemorgon krona med liv og siger.

Når Jesus talar om kveitekornets lov, seier han samstundes at dette har sitt motstykke i våre eigne liv. I påfølgjande vers i Johannes 12 seier han slik:

«Den som elskar livet sitt, mistar det. Men den som hatar livet sitt i denne verda, skal berga det og få evig liv.»

Desse orda leiер kanskje tankane våre til Frans av Assisis bøn:

*For det er ved å gi at vi får
ved å tilgi at vi blir tilgitt
ved å miste vårt liv at vi finner det
Det er ved å dø at vi oppstår
Til evig liv.*

Salmediktaren Svein Ellingsen har på ein fin måte gjeve forklaring til kveitekornets lov. Slik skriv han i salmen Såkorn som dør i jorden:

*Såkorn som dør i jorden,
oppstår som fylte aks
Druer som knuses i gjærkar,
modnes til gyllen vin.
Gud, gi oss troen tilbake:
Tro gjennom dypest mørke,
liv gjennom natt og død.*

**God og glad påske til kvar einskild i
Seljord sokn.**

Dag Harald Undheim



www.flatdalhandlaft.no

3841 Flatdal
Tlf 350 57005 Mob 971 53661



granvin kulturhus
seljord

*Vi tek gjerne imot minnesamvære, kurs, konferansar og selskap.
Alle arrangement blir gjennomført etter gjeldande smittevernreglar.
Kjøp billettar på www.granvinkulturhus.no på grunn av smittevern.*

Granvin Kulturhus AS
Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80
Epost: post@granvinkulturhus.no
www.granvinkulturhus.no



Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria for å sjå til grava. Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa (Matt 28)

Føremiddagstreff på Seljord misjonshus



Seljord sokneråd ynskte velkommen til føremiddagstreff på Misjonshuset siste fredagen i februar. Me vart mange; faktisk 24 som nesten er rekord!

Det vart hyggeleg prat rundt borda, god mat, andakt, song, konkurranse og utloddning.

Den nye diakonen, Ingunn Liseter, blei kjent med nye folk, og me blei endå betre kjent med henne.

Leiaren for Frivilligsentralen, Rikke, var også med oss. Me håpar at me kan få til eit samarbeid med Frivilligsentralen i framtida.

Det er føremiddagstreff på Misjonshuset fredag 31.mars, fredag 28.april, fredag 29.september, fredag 27.oktober og fredag 24.november. Alle dagar kl 11.00-13.00.

Arr: Kyrkja i Seljord.

BLT

Tysdagsklubben



Tysdagsklubben er ein open samlingsplass med middag, aktivitetar, song og forteljing med barn i barnehage-, og skulealder ein tysdag i månaden. Sundagsskulen og kyrkja stør opp om å førebyggje utanforskap, og å skape fellesskap. Her er plass til fleire, så **VELKOMEN** er du til eit godt fellesskap!

Aut. Installatør

Dyrud Elektro AS


3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no

Når du trenger elektriker



Getsemane

- Nå kan eg døy, sa mor
då ho kom heim etter
pilgrimsreisa til Det Heilage
Landet med Jerusalem
Via Dolorosa, gråtemuren
og Getsemane hage.
Der hadde ho fingra
med smijarnsporten
stroke hendene
over ein rund glatt stein og
kjente angen frå eukalyptus
og eldgamle cedertre.



Ho hadde som lyrikar
ingen vanskar med
å førestille seg Getsemane
då Jesus sjølv sat nett der
ho slo seg ned og hørde
hanen gol for tredje gong.
Det var for henne
bare å late att augo
så var ho der
i sanntid.

Odd Jan Sandsdal

Å feste blikket på Jesus

Faste og advent har mykje til felles i kyrkja. Båe tidene nyttar lilla som liturgisk farge, og båe tidene skal – gjennom stille, bøn og faste – vere med på å førebu oss for høgtida som ligg framføre oss.

Fastetida skal gjeve oss hjelp til å førebu oss for påskehøgtida.

Dei ulike sundagane i fastetida har ulike namn. Desse namna skal vere med på å gjeve oss hjelp til å sjå ulike sider av førebuingstida.

Den tredje sundagen i fastetida har tradisjonelt hatt det latinske namnet oculi, som tyder mine augo. Dette ordet er henta frå den gamle bøna som innleia denne sundagen – bøna som har henta grunnstoffet sitt frå Salme 25,15: «Mine augo er alltid vende mot Herren».

Å førebu seg på påskehøgtid – gjennom bøn og faste – er å feste blikket på Jesus Kristus. Og når vi får festa våre auga på han, kan dét hende som me syng om i påskesalmen:

*Troens øye ser det:
Han gir liv og fred.*

Og samstundes: Når me får festa vårt blikk på han, vil han kunne feste sitt blikk på oss. Då skjer det som teksten for tredje sundagen i fastetida fortel om: Me blir sett, bekrefta og løfta opp.

Og dermed er me midt i sentrum av påskebodskapen – Jesu blikk som møter vårt blikk. Evangeliet fortel at Jesu blikk møtte Peters blikk i den avgjerande augneblikken

Hans blikk gir oss det som påskesalmen kaller «kraften av en guddomsstråle»:

*Gode Frelser, kan jeg tåle
kraften av en guddomsstråle,
å, så send den fra deg ned!
Tenn meg, at jeg må, jeg arme,
full av ånd og hellig varme,
kjenne all din kjærighet!*

God og velsigna påske til kvar og ein!

DHU



Steinsrudvegen 7, 3840 Seljord | Tlf: 35 08 41 00 | post@seljordvarme.no

Via Dolorosa

Ein araber med
eit kjøleskåp
på ryggen.

Ein raud katt med
svarte stripa
på ryggen.

To gjetargutar med ein
geiteflokk på veg
mot marnadspllassen.

Fire menn
med jødisk kalott
spelar terning.

Nokre danske turistar
på veg ned
mot Gråtemuren.

Ei grått esel får
smake piskan og
vaklar under bora.

Lyden av nakne
barneføter
mot brostein

og ei kvinne som sel
ekte trebitar frå
Jesu kors og

garantert heilagt
vatn frå Genesaret sjø
pluss velsigna jord

frå Nazaret.
Ei duve kurrar.
Røykelse.

Odd Jan Sandsdalen



Eit tilbod til familiar med barn i barnehage- og skulealder. Felles måltid til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, leik, forteljing og song.

HAUSTEN 2023

Tysdag 19.september

Tysdag 17.oktober


Tysdag 14. november

Tysdag 12.desember

Kl. 16.30 – 18 på Misjonshuset
(Brøløsvegen 10, Seljord)

Velkommen til godt felleskap!

Lurer du på noko?
Kontakt Ingunn Liseter,
tlf. 976 82 694



VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser
på telefon og internett, likevel er det en av tre
som ikke får svar.

[Les mer og meld din interesse på kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



Å snakke med folk om livet gir mening.

Pilegrimsvandring og folkemusikkmesse

Sundag 18. juni skal det vere pilegrimsvandring på Skarsvegen. Me skal vandre i fotefara til Magnus B Landstad, slik han skriv om dette i diktet Anneksreisen frå 1840. Diktet handlar om reisa Landstad gjorde frå Seljord til Åmotsdal og attende. Reisa blei gjort på Skarsvegen, ein veg som byrjar i Svartdal og endar ved kyrkja i Åmotsdal.

Me bereknar avgang frå parkeringsplassen i Svartdal kl 10.00.

Skarsvegen kan vere krevjande, men ikkje verre enn at det let seg gjere for dei fleste å kome seg igjennom. Slik skriv Landstad i diktet sitt:

Bilete syner ei av informasjonstavlene som Vegvesenet har sett opp langs Skarsvegen



Er du saa Aasebrekken og SvartdalsrøySEN klar, du spørger: Mon de Bakker dog ingen Ende tar? De fjerdingsslange Kleiver sig strekke op mod Sky, Just som den ene ender, du atter har en ny.

Me skal ta oss god tid, med regelmessig stopp for både pust i bakken, tekstlesing og refleksjon over det me opplever.

Når me er framme i Åmotsdal, skal me avslutte vandringa med folkemusikkmesse i Åmotsdal kyrkje kl 17.00.

Meir informasjon vil bli å finne på kyrkja sine nettsider (www.seljordkyrkje.no) – og i lokalpressa.

**Velkommen til både vandring og messe
18. juni.**

Konfirmantane 2023 skaper «ei kyrkje for alle» Ta godt imot dei og støtt fasteaksjonen 28.mars!

Konfirmantane i Seljord sokn er ei spanande flokk å bli kjend med, særskilt på dei lokale laurdagssamlingane i deira lokale kyrkje. Dei får erfaring med gudstenesta, trusopplæring og samtidig tilhørighet til si eiga kyrkja der dei bur. Slik byggjast «Ei kyrkje for alle»

I Seljord kyrkje har dei blitt kjend med gudstenesta, og det å vera ministrant/medhjelpar i kyrkja. På gudstenestene utover våren vil alle få vera ministrant før samtalegudstensta 21.mai i Flatdal kyrkje.

I kvite kapper er dei synlege når dei ynskjer velkome til kyrkja, i prosesjonen når dei ber prosesjonskrossen, dåpskanna, Bibelen og tenner ljós under evangelielesinga, tenn ljós under forbøna og når vi minnast dei som er døde.

Nokre samlingar er på Misjonshuset rett etter skulen. Måltidet før vi startar, er eit viktig fellesskap før vi samlast om tema for samlingane. Å vera inkluderande er ei øving i ulike måtar å samarbeide på for å skapa fellesskap, og bileta syner nokre glimt frå laurdagssamlingane.

I løpet av våren vil nokre konfirmantar besøke aldersheimane til eit generasjonsmøte der «Ung møter eldre».

Gravferd er sorg og sakn. Temaet livet og døden, vil vi ha på samlinga i slutten av mai. Då er kyrkjegarden ei god plass å ferdast.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon «Håp i en dråpe vann», er , 26.-28. mars 2023 og konfirmantane viktige støttespelarar. Saman med kyrkjene i Noreg arbeidar Kirkens Nødhjelp med akutt bistand i katastrofar og med langsiktige prosjekter for å redusere nød og fattigdom i verden. Saman jobbar vi for fred og rettferdig, og for å redde liv.

Konfirmantane i Seljord starta før jul med å samle og panta flasker og boksar til fasteaksjonen 2023. Å hjelpe andre heile året er lett, når ein kan gje panten til eit konkret formål som Kirkens Nødhjelp. Vi bur alle på den same jorda, og alle kan bidra med små og store bidrag til å gjøre endringar for andre og seg sjølve. Kamp for rettferd og vern om skaparverket angår oss alle saman.

Ta vel imot bøsseberarane!

Ingunn Liseter – Diakon og trusopplærar





Konfirmantar i Seljord.

Kaktus – ungdomsklubben i Seljord



Kaktus er ungdomsklubben i Seljord for 8.klasse opp til 18 år. Klubben er open frå kl. 19.00 -23.00.

**31.MARS - 14.APRIL - 28.APRIL - 12.MAI
26.MAI - 9.JUNI.**

Valentinsdagen var eit spontant arrangement på «Ønsket og Elsket» rett etter skuleslutt, og det kom mange innom. Slike spontane arrangement kan oppstå så fylg med på sosiale media og jungeltelegrafen.

Ungdomsklubben har eit styre som planlegg, legg til rette for aktivitetar, fordeler ansvar og førebu samlingane.

Vi treng vaksne til å slå ring om ungdomane våre på klubbkveldane. Saman skapar vi gode og trygge møteplassar og godt oppvekstmiljø for born og unge.

Heidi Tlf: 476 48 003

E-post: heidi_g.h@live.no

Ingunn Tlf: 976 82 694

E-post: ingunn@seljordkyrkje.no

Velkommen til dåp i Seljord, Flatdal og Åmotsdal



Velkommen til dåp i kyrkjene våre – Manndal, Åmotsdal, Flatdal eller Seljord.

Kjære foreldre. Gratulerer med det nyfødte barnet!

Vi i Seljord, Flatdal og Åmotsdal kyrkjelydar vil gjerne dele glede med dykk og ønsker velkommen til dåp i Seljord kyrkje, Flatdal kyrkje eller Åmotsdal kyrkje (eller i kapella i Manndal, Svartdal eller på Nutheim).

Tidlegare fekk kyrkjekontoret tilsendt fødselsmeldingar frå sjukehusa slik at vi kunne sende invitasjonar til dei nybakte foreldra, men det har vi ikkje anledning til lenger på grunn av personvernlova.

Når

Dei fleste blir døypte i løpet av dei tre første månadane, men noen barn er eldre. Og nesten kvart år har vi dåp av konfirmantar som ikkje blei døypte som barn, men som vel å høyre til kyrkja gjennom dåp og konfirmasjon.

Korleis

Når de har bestemt dykk for dåp, går de inn på nettadressa seljordkyrkje.no/livets-gang og registrerer opplysninga der. Her ser de kva datoar som er aktuelle for den einskilde kyrkje.

Valg av namn

Barnet sitt namn blir registrert i Folkeregisteret, før dåp.

Faddere

Barnet må ha to til seks fadrar. Desse må vera over 15 år (eller konfirmant) og skal normalt vere medlem i Den norske kyrkja. Å vere fadder går ut på å hjelpe barnet til kristen tru, men det viktigaste er å ha omsorg for barnet. Fadrane kan gjerne ta del med tekstlesing eller andre oppgåver under dåpen.

Dåpssamtale

Etter at ønsket om dåp er registrert, får de ei stadfesting på dette og blir invitert til dåpssamtale med presten.

For spørsmål ta gjerne kontakt med dei tilsette på kyrkjekontoret som ligg i 2. etasje på Brøløsvegen 48, eller via tlf og e-post. Sjå gjerne også Den norske kyrkja si heimeside, www.kirken.no/dåp.

*«Fylt av glede over livets under,
med et nyfødt barn i våre hender,
kommer vi til deg som gav oss livet,
kommer vi til deg som ga oss livet.»*

Dåpssalme 586 i Norsk salmebok

(Denne teksten er lånt av kyrkjebladet til Sauherad og Nes. Sokneprest Anne Inger Lunner har skrive han. Teksten er omsett til nynorsk av Bergit Telnes.)

Utdeling av adventhelsing til 5– og 6–åringar, Seljord kyrkje desember 2022



Vellukka Taraldsmesse på Øvre Klomset

12.februar var det tid for å markere Taraldsmesse igjen. Det er godt og vel 25 år sidan me starta med å høgtide denne dagen til minne om den heilage Tarald.

Lite veit me sikkert om han, men eit spor etter han er det i dei dokumenta som er tidfesta i hans namn. Eitt av dei er frå Øvre Klomset. Her ligg det også ein stor gravhaug som ber namnet hans, og fleire plassar på eigedomen ber Taraldsnamnet.

Difor var det ekstra kjekt at eigarane av garden, Mona Helen Haugan og Svein Kjetil Lønnestad, opna dørene sine for oss etter at dagen hadde blitt markert på kyrkjegarden og inne i Olavskyrkja. Me vart bedne til bords i den koselege gamle stoga, og det smaka godt med kaffi og kaker etter stunda på kyrkjegarden.

Som eit ekstra innslag i år ville me rette søkjelyset på spelemannen Høye Kvåle, som hadde tilknyting til denne garden. Helge Sigurd Amdal Telnes heldt eit lite kåseri om denne meisterspelemannen, og jammen dukka Lars Erik Øygarden frå Rauland opp. Han spela fleire slåttar etter Høye Kvåle på den fela Høye hadde hatt.

Dei omlag 25 personane som var samla på Øvre Klomset denne kvelden, fekk ei oppleveling som dei seint vil gløyme. Takk til Seljord sogelag som var medarrangør for dette arrangementet i år også!

BLT



Kvardagsopen kyrkje i Seljord

Soknerådet ønsker at kyrkja i Seljord skal vere meir open, slik at dei som vil kan gå inn og setje seg ned for å vere stille i kvardagen.

Kyrkja i Seljord vil i tida 14. april til 14. oktober vere open kvardagar mellom 08.00 - 15.00. Desse datoane representerer hhv start og slutt på sommarhalvåret etter primstaven.

Av omsyn til branngleiken vil det ikkje vere høve til å tenne ljós i kyrkja i denne opningstida. Vil du inn i kyrkja utanom denne tida, kan du kontakte Seljord kyrkjekontor.

Velkommen til Det heilage huset i sentrum av Seljord!

DHU



Naglet til et kors på jorden

Naglet til et kors på jorden
henger under vredens torden
himlens herre og Guds Sønn.
Selv den evig gode Fader
ham i kvalene forlater,
hører taus hans angst bønn.

Å, la aldri noensinne
korsets tre meg gå av minne,
som deg, frelsens fyrste, bar!
Men la kors og død og smerte
tale, rope i mitt hjerte
hva min frelse kostet har!

Benjamin G. Sporon

Vil du vera med i sorggruppe?



«Alt ble med ett så stille,
livet er helt forandret.

Døden har banket
på vår dør og sorgen
har fylt hvert rom.»

I kjellarstua i Brunkeberg kyrkje er det sorggruppe som møtast ein gong i månaden. Ein stad å snakka om før og etter, og livet her og no.

Det kan vera til hjelp når ein har opplevd tap og sorg. Saman med andre kan det vera godt å gå eit stykke på vegen vidare. Ei sorggruppe møtast 3-4 gonger og leiarane har teieplikt. Tilbodet er gratis og er open for alle uansett tro eller livssyn.

Neste gong er torsdag 13.april kl 18.00 – ca. 20.00
Ta kontakt eller møt opp.

Prostdiakon
Eilev Erikstein
Tlf. 911 13 580
E-post: eilever@online.no

Diakon/trusopplærar
Ingunn Liseter
Tlf. 976 82 694
E-post: ingunn@seljordkyrkje.no

Den norske Kyrkja i Seljord



<https://www.kirkens-sos.no/telemark>
<https://www.soschat.no/>
<https://www.kirkens-sos.no/melding>
<https://www.kirkens-sos.no/telefon>

Tilgjengeleg for deg heile døgnet

FASTEAKSJONEN 2023: GJE EIT LIV MED VATN!



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Om du ynskjer å vera bøsseberar 28.mars,
kan du kontakte kyrkjekontoret eller
Diakon Ingunn Liseter
Tlf: 976 82 694
E-post: ingunn@seljordkyrkje.no

KIRKENS NØDHJELPS Fasteaksjonen er Noregs nest største dør-til-dør-aksjon, og kvart år går rundt 40 000 bøsseberarar med bøsse til inntekt for Kirkens Nødhjelps arbeid. Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over heile verda, og har to overordna mål:
Å redde liv og krevja rettferd. 28.mars skjer.
Ta vel imot bøsseberarane!

Om Kirkens Nødhjelp

Redda liv – her og no

Ein katastrofe rammer alltid dei fattigaste hardast. For lite vatn og forureina vatn tar ofte flest liv. Difor er Kirkens Nødhjelp først på plass med blant anna reint vatn. Saman redder vi liv og beskytter dei mest sårbare.

Forandra liv – langsiktig

Å vere fattig er å mangle moglegheita. Der utfordringane er, finst også ofte dei beste løysningane. Varig tilgang på reint vatn er ein av dei. Saman hjelpe vi menneske å finna sin eigen veg ut av fattigdommen.

Forandra verda - varige endringar

Fattigdom er urettferdig. Det er nok reint vatn og mat til alle, men spelereglane gjer dei rikaste rikare og die fattigaste fattigare. Saman kan vi gje die stemmelause ein stemme der slutningane takast inn i fellesskapet, ei oppgåve i vår tid handlar om einsemd, utanforskap og heva menneskjeverdet.

Derfor har Fasteaksjonen også alltid ei kampanje, kor ungdom kan engasjera seg og skape ei varig endring: Changemakers.

For over 50 år sidan bestemte kyrkjelydane i Noreg seg for å ha ei årlig innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp sitt internasjonale arbeid. Fasteaksjonen er i dag den nest største innsamlingsaksjonen i Norge, - etter TV-aksjonen. Aksjonen er lagt i ei tid av kyrkjeåret som heter fastetida. Fasten varer i 40 dagar helt frå askeonsdag til palmesundag.

**«Husker du
at du putter på
den pengen
i den bøssa
og tenkte
Jaja en dråpe i havet
så ble det plutselig
en brønn»**

Trygve Skaug

Påska i kyrkjane våre

Påska står for døra.

Tradisjonen tru vil det bli brei markering av høgtida i kyrkjene våre. Slik ser programmet ut:

- Palmesøndag messe i Flatdal kyrkje kl 11:00
- Skjærtorsdag messe på Nutheim kapell kl 19:00
- Langfredag messe i Manndal kapell kl 11:00 og Seljord kyrkje kl 19:00.
- Påskedag høgtidsmesse i Seljord kyrkje kl 11:00 og Svartdal kl 15:00

Vel møtt til samling og høgtid!



Vel møtt til høgtid i kyrkjene våre påska 2019. Biletet syner Manndal kapell. Her vert det messe langfredag kl 11:00.

Misjonsgudsteneste i Seljord kyrkje

Sundag 14. mai 2023 skal det vere spesiell misjonsgudsteneste i Seljord kyrkje. Me vil få besök av Birgitte Bugaard Ørnes til denne messa. Ho er Misjonskonsulent region sør i NMS. Som del av denne markeringa, skal det underskrivast fornya misjonsavtale mellom Seljord sokn og NMS.

Mision er vårt felles ansvar som kyrkje – tufta på orda Jesus sjølv gav oss på Helgetorsdagen: Gå difor ut og gjer alle folkeslag til mine læresveinar.

Det vil sjølvsagt bli kyrkjekaffi i samband med denne gudstenesta, og kvinneforeininga for NMS i Seljord vil delta.

Offeret denne sundagen skal gå til misjonsprosjektet vårt – NMS sitt arbeid i Etiopia, nærmere bestemt knytt til kvinner og borns helse i samband med svangerskap og fødsle.

DHU



Birgitte Bugaard Ørnes er Misjonskonsulent region sør i NMS, og vil delta på misjonsgudsteneste i Seljord kyrkje sundag 14. mai.

Slekters gang

Døypte

Seljord

Nikan Nataniel Undheim
Olivia Jensen-Grüschow

Åmotsdal

Ingebjørg Haugland



Døde

Seljord

Halvor Ulvenes
Olav Erikstein
Arne Nordgarden
Ingeborg Dybdahl
Halvor Vefall
Olav Skar Bjørge

Flatdal

Tormod Nordskog
Helga Mæland
Thor Edgar Moen

Åmotsdal

Halvor G Dyrland

Føremiddagstreff Flatdal hausten 2023

Onsdag 13. september.

Onsdag 11. oktober.

Onsdag 15. november.

Onsdag 13. desember.

Vi møtes på SION kl. 11.00

Arrangører er Kyrkja, Misjonslaget og Sion pinsemenighet.

BYGGMESTER T.A. GUSTAVSEN AS



TLF. 975 17 817
byggmester@live.no



AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 **ALT I BAKERVARER**

Gravsteiner Notodden
Det skal lønne seg å handle lokalt



Bstlandets
største
utstilling
og beste priser

150 steiner
i utstilling

1-4 ukers
leveringstid

Steinverksted på Notodden

www.notoddenbegravelse.no
Ingar Faane
350 12 155

Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43



Morgedal Rør as

post@morgedalror.no – 35 06 44 55 | Postboks 114, 3835 Seljord

KLÆR

T. TVEITAN %

**INTERIØR-
TEKSTIL**

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86

Nytt frå soknerådet



Når du les dette bladet, er soknerådet ferdig med første etappe i arbeidet med å få folk til å stille på liste til soknerådsval i september. Me har vore ei valnemnd på tre personar som har spurt kvinner og menn frå heile kommunen om å stå på ei slik liste. Det har ikkje vore lett å få folk, særleg har me hatt vanskeleg for å få ja frå mannfolk. Men me kom i mål etter kvart. I neste nummer av Helg og Høgtid vil du finne lista med namn og fødselsår. I tillegg vil me prøve oss på ein liten presentasjon av kvar einskild kandidat. Fylg med i neste nummer!

Som alle andre i Noreg har soknerådet merka dei høge straumprisane. Kyrkjene våre er gamle og det trengs mykje straum for å varme dei opp slik at det blir varmt nok midt på vinteren. Soknerådet har diskutert alternativ til kyrkjebygga midt på den kaldaste årstida. I Seljord kan Misjonshuset vera ein alternativ samlingsstad, og i Åmotsdal kan ein ha messe på Grendehuset. Ein kan også tenkje seg at det går an å ha gravferd frå desse forsamlingsstadane. No prøvar me dette litt ut med å ha ei familiegudsteneste på Misjonshuset i Seljord. Den var 12.mars, og då tok Tysdagklubben del.

Eg vil presisere at me så langt det er råd vil bruke kyrkjene våre til kyrkjelege handlingar, men me synes det er rett å teste ut litt alternative samlingsstadar.

Her i kommunen har me lange tradisjonar for friluftsmesser både sommar og vinter, og det er noko me kjem til å halde fram med.

Elles må eg seia at me gler oss stort over å ha både organist Kjetil Bergheim og diakon og trusopplærar Ingunn Liseter på plass i staben. Kjetil trakterar hardingfele i tillegg til orgel, og det er svært populært når han spelar ein slått i samband med andakt på institusjonane.

Ingunn er godt i gang både med föremiddagstreff, babysong, Tysdagklubb og konfirmantar. Sjå omtale og biletar frå nokre av desse aktivitetane andre stader i dette bladet.


Til slutt vil eg oppmode dykk på det sterkeste om å ta godt i mot dei som kjem heim til dykk for å samle inn pengar til Kyrkja si Naudhjelp sin fasteaksjon tysdag 28.mars. Me sender ut konfirmantar to og to, og i tillegg er det vaksne folk som går med bøsse for å få dekt så mykje som råd av kommunen. Nauda i verda er større enn nokon sinne, og me veit at KN har gode rutiner, og god kontakt med lokale hjelpearbeidarar i dei landa dei arbeider i.

Nokon seier at me må slutte å gå rundt med bøsser sidan folk ikkje har kontanter heime lenger, men i fjar gjorde me den erfaringa at folk vart glade for å bli minna på innsamlinga. - Å, så bra at de kjem. No skal eg vippse med ein gong, sa dei. Me fekk inn om lag like mykje i kontanter som det som blei sendt på vips.

Til sist vil eg ynskje dykk ei god påske! Håpar å sjå dykk på ei messe i ei av kyrkjene eller kapella i Seljord i løpet av høgtida.

Bergit Lisleåsheim Telnes

Ljos over grav



Av Johannes Øvrebø (22.02.23)

Når jeg besøker min datters grav, kjenner jeg på mange følelser. Ofte er det både godt og vondt å være der. Godt å ha et sted å gå til. Men tungt å kjenne på sorgen og savnet. Tårene sitter løst når du er på en slik plass, særlig når graven er ny.

En dag jeg var ved gravlunden kom sola så fint gjennom skydekket. Solstrålene lyste vakkert opp hele kirkegården. Sollyset hjalp – litt. Mens jeg var der, tok jeg et bilde. Senere på dagen sendte jeg dette bildet til min beste venn. Ganske raskt svarte han på min melding: «Ljos over grav – er ikke det en gammel salmestrofe?»

Jeg husket verken strofen eller salmen, men måtte sjekke. Og det viste seg å være dikterpresten Elias Blix som skrev denne salmen tilbake i 1890. Faktisk er det en påskesalme, men den er kanskje ikke så kjent eller brukt så ofte i dag.

*Ljos over grav som oss livsvoni gav,
rann med Guds Son ifrå daude.
Solrenning klår som den venaste vår
steig over gravstader aude.
Ljoset og livet for alle mann
strålande opp med vår Frelsar rann.
(NoS 198, v. 1)*

Blix var opptatt av sola og våren og har blitt kalt «vårens sanger i den norske kirke» (Bolling). Død og grav har sin motpol i Jesu liv og oppstandelse. Her blir det sammenlignet med solstråler om våren som kommer med lys og varme. Mørkret fra langfredag må vike for lyset fra påskemorgen.

Jeg tviler og tror om hverandre, og kjenner at håpet har hatt trange kår i det siste. Men tanken om «ljos over grav» gir næring til et ørlite håp. Selv i døden er det et lys fra den evige Gud. Og jeg trenger å bli minnet om dette, for når tårene tilslører øynene mine er det ikke så lett å se eller tro det. Men vi kan låne Blix sine ord og håpe/be for oss selv og våre kjære «Lys oss i land til den livsæle strand».

*Ljos over grav, fall som solskin på hav,
når me frå verdi skal fara!
Lys oss i land til den livsæle strand,
fram til det liv som skal vara,
så me ved ljoset frå påskedag
sæle kan leva i englelag! (v. 6)*





Gudstenester

Palmesundag – 02. april

Flatdal kyrkje kl 11.00
Offer: Misjonsprosjektet NMS

Skjertorsdag – 06. april

Nutheim kapell kl 19.00
Offer: Ungdomsarbeidet

Langfredag 07. april

Manndal kapell kl 11.00
Seljord kyrkje kl 19.00
Offer: Kirkens SOS Telemark

Påskedag – 09. april

Seljord kyrkje kl 11.00
Svartdal kapell kl 15.00
Offer: Misjonsprosjektet NMS

2.s.i påsketida – 16. april

Seljord kyrkje kl 11.00
Offer: Kirkens familievern

3.s.i påsketida – 23. april

Åmotsdal kyrkje kl 11.00
Tårnagentgudsteneste
Offer: Trusopplæringa

4.s.i påsketida – 30. april

Seljord kyrkje kl 11.00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

5.s.i påsketida – 07. mai

Flatdal kyrkje kl 11.00
Offer: Diakoniarbeidet

6.s.i påsketida – 14. mai

Seljord kyrkje kl 11.00
Misjonsgudsteneste
Offer: NMS Misjonsprosjekt

Grunnlovsdag – 17. mai

Seljord kyrkje kl 10.30
Flatdal kyrkje kl 12.00
Åmotsdal kyrkje kl 14.30
Offer: Barnearbeidet

Sundag før pinse – 21. mai

Flatdal kyrkje kl 11.00
Samtalegudsteneste konfirmantane
Offer: Ønsket & Elsket
Servering etter messa

Pinsedag – 28. mai

Seljord kyrkje kl 11.00
Høgtidsmesse
Offer: Misjonsprosjektet NMS

Treeiningssundag – 04. juni

Flatdal kyrkje kl 11.00
Offer: Sjømannsmisjonen

2 s.i treeiningstida – 11. juni

Seljord kyrkje kl 11.00
Offer: Normisjon i Telemark

3 s.i treeiningstida – 18. juni

Åmotsdal kyrkje kl 17.00
Messe med folkemusikkpreg
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

4 s.i treeiningstida – 25. juni

Seljord kyrkje kl 11.00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

5 s.i treeiningstida – 02. juli

Flatdal kyrkje kl 11.00
Offer: Normisjon i Telemark

6 s.i treeiningstida – 09. juli

Seljord kyrkje kl 11.00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

7 s.i treeiningstida – 16. juli

Friluftsmesse
Kjos i Åmotsdal kl 12.00
Offer: Helg & Høgtid

8 s.i treeiningstida – 23. juli

Inga messe i soknet

Olsok – 29. juli

Olsokmesse
Seljord kyrkje kl 19.00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

9 s.i treeiningstida – 30. juli

Inga messe i soknet

10 s.i treeiningstida – 06. aug

Seljord kyrkje kl 11.00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

11 s.i treeiningstida – 13. aug

Manndal kapell kl 11.00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet
Servering etter messa

12 s.i treeiningstida – 20. aug

Konfirmasjon Flatdal kl 11.00
Konfirmasjon Åmotsdal kl 13.00
Offer: Ønsket & Elsket

Laurdag føre 12 s.i treeiningstida – 26. aug

Konfirmasjon Seljord kl 11.00
Offer: Ønsket & Elsket

12 s.i treeiningstida – 27. aug

Konfirmasjon Seljord kl 11.00
Offer: Ønsket & Elsket

13 s.i treeiningstida – 03. sept

Flatdal kyrkje kl 11.00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

14 s.i treeiningstida – 10. sept

Dyrskuplassen kl 11.00
Familiegudsteneste
Offer: Kirkens nødhjelp

15 s.i treeiningstida – 17. sept

Seljord kyrkje kl 19.00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

16 s.i treeiningstida – 24. sept

Åmotsdal kyrkje kl 19.00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

17 s.i treeiningstida – 01. okt

Flatdal kyrkje kl 11.00
Hausttakkefest
Utdeling helsing til 4-åringar
Offer: Trusopplæringa

Endringar kan koma

Seljord kyrkje

Flatdal kyrkje

Åmotsdal kyrkje

Manndal kapell

